

Forskrift om skulefritidsordninga i Bjørnafjorden kommune

Vedtatt av Bjørnafjorden kommunestyre XX.XX.XXXX

1. Lovgrunnlag og prinsipp for drifta

Opplæringslova § 4-5. Skulefritidsordning

Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. trinn. Kommunen kan krevje at foreldre dekkjer kostnadene til skulefritidsordninga.

Kommunen skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i skulefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skulefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Når skulefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor vere leiar. Kommunen kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan nytte private til å drive skulefritidsordninga.

Kommunen gir forskrift om skulefritidsordninga. Forskrifta skal ha reglar om

a., eigarforhold

b., kven som er opptaksmyndigheit

c., opptakskriterium

d., opptaksperiode og oppseing

e., foreldrebetaling

f., leike- og opphaldsareal

g., dagleg opphaldstid og årleg opningstid

h., personale og leiing.

Departementet kan gi forskrift om gratis skulefritidsordning, moderasjonsordningar og om innhald og oppgåver for skulefritidsordninga.

SFO i Bjørnafjorden kommune skal drivast ut frå opplæringslova § 4–5. Seinare reguleringar frå departement og KS skal følgast opp. Skulefritidsordninga i Bjørnafjorden kommune er ein del av verksemda til dei kommunale barneskulane. Drifta skal følge føringar frå sentrale styresmakter, og skal halde dei rammene som er sette i kommunen. Drifta blir finansiert med kommunale budsjettmidlar og foreldrebetaling. Kvar einskild skule har hovudansvaret for å utvikle og tilby eit godt SFO-tilbod.

SFO er ein del av skulen sitt samla tilbod til brukarane, og det er Samarbeidsutvalet (SU) som behandlar saker som gjeld SFO-drifta, innanfor dei rammene som vedtektene gir.

Rektor har det overordna ansvaret for forvaltning og pedagogisk drift. SFO skal samordnast med skuledrifta elles.

Mål

- SFO Bjørnafjorden følgjer Rammeplan for SFO, [Rammeplan for SFO | udir.no](https://www.udir.no/rammeplan-for-sfo)
- SFO i Bjørnafjorden kommune skal vere eit omsorgs- og fritidstilbod og ein trygg stad å vere for alle
- SFO følger skulen sine mål, med særleg vekt på dei kreative og sosiale sidene av elevane si utvikling

2. Eigarforhold

Bjørnafjorden kommune er eigar av SFO-ordningane ved dei kommunale skulane i Bjørnafjorden kommune.

Fagsjef skule har eit overordna ansvar for administrativ styring og utvikling.

På den einskilde skule er rektor ansvarleg for forvaltning og pedagogisk drift. SFO skal vere ein del av skulen sitt samla tilbod til brukarane. SFO skal samordnast med skuledrifta elles; organisatorisk, planmessig og i høve til personalet.

3. Opningstid

Skulefritidsordninga følger skuleruta, og er open 190 elevdagar.

Felles opningstid for alle er kl. 7.30–16.30

Dersom ein skule ønsker å opne tidlegare om morgonen, må sluttidspunktet justerast tilsvarende. Opningstidene skal vere like heile veka.

Plasstilbod

I Bjørnafjorden kommune har vi to ulike tilbod:

100% – heil plass (kl. 7.30–16.30)

60% – tre dagar i veka (kl. 7.30–16.30)

Dersom påmeldinga til SFO på ein skule er under åtte barn, er det ikkje grunnlag for SFO-drift ved skulen. Avgjerd om ikkje å starte opp SFO-tilbod gjeld for eitt skuleår av gangen. Fagsjef skule tek avgjerda i saka.

Utvida tilbod, morgon-SFO frå kl. 7.00–7.30

Det må vere minimum 13 elevar før det blir gitt tilbod om utvida opningstid. Deler av, eller heile, tilbodet kan avviklast dersom det er for lita påmelding eller at det byr på uforholdsmessig store personalmessige eller organisatoriske utfordringar for skulen. Avvik frå dette skjer etter avgjerd frå fagsjef.

Det er mogeleg å kjøpe enkeltdagar etter avtale med skulen.

Barn på 5.–7. trinn, som har rett til SFO-plass, har gratis plass. Dette tilbodet kan bli gitt i samarbeid med avlastingstilbod.

4. Ferieope

2 skular har ferieope SFO-tilbod i Bjørnafjorden kommune. Det blir kravd ekstra betaling for elevar som nyttar ferieope SFO. Det er påmelding til ferieope SFO. Det må vere minimum åtte elevar før det blir gitt tilbod om ferieope SFO.

Avvik frå dette skjer etter avgjerd frå fagsjef.

Tilbod om ferieope SFO gjeld:

- 10 dagar før skulestart i august
- Haustferie
- Vinterferie
- Fem dagar etter skuleslutt i juni

Ferieope SFO for barn med særskilde behov:

- 1.–4. trinn: Primært på ferieope SFO. Eit anna SFO-tilbod kan vurderast individuelt i avlastingseininga, dersom det er det beste for eleven
- 5.–7. trinn: Barna har rett på gratis plass. Dette tilbodet kan bli gitt i samarbeid med avlastingstilbod.

5. Opptak

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.–4. trinn, og for barn med særskilde behov på 1.–7. trinn. Barna har plassen i SFO til dei går ut av 4. trinn eller seier han opp. Søknad om framhald i SFO utover 4. trinn skal behandlast av rektor, i samråd med andre relevante faggrupper i kommunen.

SFO har hovudopptak i april for start i august. Elektronisk søknadsskjema er tilgjengeleg på Bjørnafjorden kommune sine nettsider. Det er høve til å søke om plass gjennom heile året. Barn som byter skule får automatisk oppseiing frå den skulen dei gjekk på, men føresette må sjølv søkje SFO-plass på den nye skulen.

6. Foreldrebetaling

Satsane for foreldrebetaling blir fastsette av kommunestyret, og er like for alle SFO-tilboda i kommunen. Fastsetjing av foreldrebetalingssatsane blir gjort årleg i budsjettprosessen. Endringa gjeld som regel frå 1. januar kvart år.

Foreldrebetalinga blir kravd for ein månad om gongen, med betalingsfrist i slutten av kvar månad. Skulefritidsordninga har betaling for 190 dagar. Foreldrebetalinga gjeld frå den

dagen plassen er tildelt. Betaling skal skje forskotsvis, med betaling 11 månader i året. I august og juni er det halv betaling.

For elevar som begynner eller sluttar på SFO midt i skuleåret, er det halv betaling dersom første dag på SFO er etter den 15. i månaden, eller siste dag er før den 16. Det er to satsar for plass i SFO. Føresette kan søkje om 60% eller 100% plass i SFO.

Ein familie med tre eller fleire barn i SFO betalar berre for dei to dyraste plassane.

Dersom elevar blir henta etter stengetid, blir det gitt eit gebyr. Storleiken på gebyret blir vedtatt i samband med avgiftsbudsjett / fastsetjing av foreldrebetaling.

Det er til ein kvar tid dei nasjonale moderasjonsordningane som gjeld i SFO.

Det er økonomisk moderasjon i SFO etter gjeldande nasjonale reglar der eigenbetalinga maksimalt skal vere gitt prosentsats av hushaldet si samla skattepliktige inntekt. Etter søknad til Bjørnafjorden kommune blir det innvilga redusert foreldrebetaling der hushaldet si inntekt er lågare enn vedtatt sats.

For å få redusert foreldrebetaling for heile neste skuleår, må føresette søke seinast 30. juni. Vedtaket gjeld heile påfølgande skuleår.

7. Oppseiing

Oppseiing og reduksjon av plasstype skal gjerast på Bjørnafjorden kommune sine nettsider.

Oppseiingstida for SFO-plass er to månadar, rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er sendt.

Elevar som byter skule, har ikkje oppseiingstid. Føresette må sjølve søke SFO-plass på den nye skulen.

Ved reduksjon av plasstype gjeld dei same reglane som for oppseiing. Rektor kan seie opp ein elev frå SFO dersom det ikkje blir betalt for plassen.

Dersom deltakinga på SFO kjem under åtte barn, kan tilbodet delvis eller heilt seiast opp med to månaders varsel frå kommunen si side. Oppseiinga gjeld då ut skuleåret. Kommunedirektøren tek avgjerda i saka.

8. Leike og opphaldsareal

Lokale som blir brukt til SFO, skal vere tilpassa den aktiviteten som blir drive der. Fleire skular har eigne lokale til SFO. Skular i Bjørnafjorden som ikkje har eigne lokale til SFO, nyttar skulen sine klasserom, spesialrom, fellesareal og uteområde, når dette ikkje blir brukt til undervisning.

9. Personale

Etter opplæringslova og tilhøyrande forskrifter er det ikkje noko fast tal for tilhøvet mellom barn og vaksne. Bjørnafjorden kommune har ein vaksen per 15 barn på 2., 3. og 4. trinn, og ein vaksen per 12 barn på 1. trinn.

10. Forsikring

Bjørnafjorden kommune har kollektiv ulykkesforsikring for alle barn i skule og SFO. Ta kontakt med skulen/SFO for meir informasjon om forsikringsvilkåra.

Bjørnafjorden kommune tar atterhald om at folketrygda og forsikringsselskapa gjer egne vurderingar av dekning i kvar einskild sak. Utfyllande og supplerande reglar om dekninga finst i både folketrygdlova og forsikringsavtalen.

Bjørnafjorden xx.xx.xxxx